



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Folgefonna nasjonalparkstyre

**Møtestad:** 1199 Velkomstsenteret

**Dato:** 25.05.2022

**Tidspunkt:** 09:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.



## Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold  | Lukket | Arkiv-saksnr |
|----------------|--|--------|--------------|
| ST 15/22       | Godkjenning av innkalling og dagsorden   |        |              |
| ST 16/22       | Val av styremedlem til å skrive under protokollen  |        |              |
| ST 17/22       | Framlegg - Søknad om utskifting av stikkroyr i Bondhusdalen Landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre   |        | 2022/6712    |
| ST 18/22       | Framlegg - Setje ut eit mellombels toalett i Bondhusdalen landskapsvernområde - Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre  |        | 2022/7281    |
| ST 19/22       | Framlegg - Innsamling av vatn og sediment til vitenskapelige undersøkingar i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre                    |        | 2022/7067    |
| ST 20/22       | Framlegg - Droneflyging i Folgefonna nasjonalpark i samband med naturdokumentar - Wild Scandinavia - BBC - Folgefonna nasjonalparkstyre  |        | 2022/7050    |
| ST 21/22       | Referatsaker   |        |              |
| RS 1/22        | Takker nei - Invitasjon - Hattebergdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalpark   |        | 2022/107     |
| RS 2/22        | SNO-ressurs 2022 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022   |        | 2022/107     |
| RS 3/22        | Vurdering av ny søknad - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergdalen   |        | 2020/12839   |
| RS 4/22        | Søknad - Folgefonna nasjonalpark - Bondhusdalen - motorferdsel - bil - bryllupsbilder - Erlend Gjestemoen  |        | 2022/6628    |
| RS 5/22        | Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til statsforvalteren og verneområdestyrene   |        | 2022/107     |
| RS 6/22        | Folgefonna National Park - Invitation interreg Europe - Smart Participatory Digitization of Natural Heritage for Environmental Preservation and Pollution Reduction in Rural Areas |        | 2022/107     |
| ST 22/22       | Delegerte saker  |        |              |
| DS 11/22       | DElegert vedtak - Helikoptertransport - transport av proviant og vidlikehaldsmateriell til Lono - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre                           |        | 2022/4308    |
| DS 12/22       | Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad - motorferdsel - snøskuter - Verafjell - Vetlenuten - Revavatnet - hytto - Holmavatnet - 3 turar                                |        | 2022/4181    |
| DS 13/22       | Partsbrev - Løyve til tiltak - Søknad om midler til tiltak - Vedlikehald av grusveg Bondhus - Bondhusvatnet - Folgefonna nasjonalparkstyre   |        | 2021/4614    |

|          |   |           |
|----------|---|-----------|
| DS 14/22 | Delegert vedtak - helikopterløyve - proviantere - Saubrehytta - Folgefonna nasjonalpark                       | 2022/6386 |
| DS 15/22 | Søknad om løyve til å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark - tilsyn med sau - Folgefonna nasjonalparkstyre | 2022/5615 |

**ST 15/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 16/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2022/6712-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 12.05.2022

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 17/22     | 25.05.2022 |

## Framlegg - Søknad om utskifting av stikkørør i Bondhusdalen Landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Framlegg frå forvaltar

Bondhus grunneigarlag får løyve til å bytte stikkørør som dei har søkt om i Bondhusdalen landskapsvernområde. Løyvet er gitt med heimel i forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 1.3.

Løyvet vert gitt med desse vilkåra:

- Grøfting vert gjort på ein skånsam måte og overskotsmassar vert planert og plassert slik at vegkantane fort kan gro igjen.

Dette løyvet er ei utviding av løyvet gitt 8. februar 2022.

### Søknad

Epost frå Bondhus grunneigarlag:

*«Syner til dialog mellom deg og Audun Nes i Bondhus Grunneigarlag.  
Me driv i desse dagar med vedlikehald av vegen mellom Bondhus og Bondhusvatnet.  
Eit særst utsett punkt vert årleg overfløymd. Sjå vedlagt kart. Utfordringa er at røyret  
er underdimensjonert ved store nedbørsmengder. I tillegg vert røyret ofte fylt opp av  
grus/stein/sand og det er vanskeleg å reinske. Flaumane fører til at vegen vert lite  
farbar, samt at mykje av grusen vert vaska ned i terrenget under. Det er p.d.d. lagt  
ned eit Ø-200mm betongrør, som skal leie vatnet under vegen. Sjå vedlagte bilete.*

*Me ber difor om løyve og støtte til å skifte ut stikkørøret som ligg der i dag. Det bør  
byttast ut*

---


|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |



*med eit plastrøyr (som er enklare å reinske/vedlikehalde) med noko større dimensjon. Inn- og utløp vil bli kamouflert med stein og stadeigne massar, slik at røyrret ikkje vert synleg frå vegen.»*



Bileta viser tetting av røyr, dimensjon og utløp på nedsida av vegen.



## Vurdering

Det er behov for å halde ved like delar av grusvegen til Bondhusvatnet. Grunneigarar og dei som har hevd på vegrett her har ansvaret for vedlikehaldet av vegen, men arbeidet på vegen har ikkje vore formalisert det forvaltar kjenner til i seinare tid.

Etter forvaltingsplanen vil vedlikehald av veg omfatte: **«arbeid som skal halde vegen av tilsvarande standard som ved vernetidspunktet. Slikt arbeid omfattar m.a. å fjerne tre og buskar i vegbana, reinske eksisterande grøfter og å reparere vegen ved store**



*nedbørsmengder, fjerne nedrasa stein o.l. Også vedlikehald og reparasjonar av bruer og klopper på vegane er å rekne som vegvedlikehald. Det vil normalt vere tillate med nødvendig grusing og vedlikehald av eksisterande grøfter, men ikkje endring til anna vegdekke.»*

Nye stikkrenner vert ikkje rekna som vedlikehald om må difor søkjast om. Det er viktig at stikkrennene vert mest mogleg skjult og tilpassa terrenget og vegen der dei ligg. Restar av gamle røyr må fraktast ut av verneområda.

Bondhus grunneigarlag søkte våren 2021 om løyve og støtte til å vedlikehalde vegen frå Bondhus til Bondhusvatnet, herifrå omtalt som isvegen. Nasjonalparkstyret vedtok å støtte grunneigarlaget med 100 000,- frå tiltaksmidlane til Folgefonna nasjonalpark.

Uttale frå Vestland fylkeskommune ved Gunnbjørg Austrheim 26.03.2021: «*Vestland fylkeskommune vil støtte arbeidet med vedlikehald av isvegen frå Bondhus til Bondhusvatnet. -Tiltaket er då klarert med kulturminnemynde.*»

Isvegen vart bygd i 1863 og opprusta i 1996. Isvegen er eit teknisk kulturminne og ein kan også søkje om støtte til å ta vare på slike kulturminne gjennom tilskotsposten til Riksantikvaren: <https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-72-tekniske-og-industriellekulturminner/>. Ein føresetnad for å gje tiltaksmidlar vil vere medforvalting, der fleire berørte partar, anten private eller offentlege bidreg til å sørgje for at tiltak vert best mogleg gjennomførte.

Fylkeskommunen hadde ingen merknader til tiltaka som er planlagt på vegen og forvaltar meiner difor at omsyna til kulturminna er ivaretekne. Tradisjonell landbruksdrift er eit viktig føremål for landskapsvernområdet. Forvaltar kan ikkje sjå at tiltaka som er tenkt på vegen vil påverke verneverdiane i nemneverdig grad.



Arkivsaksnr: 2022/7281-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 20.05.2022

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 18/22     | 25.05.2022 |

## Framlegg - Setje ut eit mellombels toalett i Bondhusdalen landskapsvernområde - Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Innstilling frå forvaltar

Kvinnherad kommune får løyve til å setje opp eit mobilt toalett i Bondhusdalen landskapsvernområde. Det vert også gitt løyve til å setje opp skilt som informerer om drikkevatn og reglar om telting. Løyvet er gitt med heimel i Bondhusdalen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48.

#### Plassering:

- I området ved stiskiljet mellom Gardshamarvegen og Isvegen.
- Toalettet må plasserast så det ikkje hindrar framkomst med landbruksmaskinar.
- Det kan lagast ein mellombels planering for å lette plasseringa.
- Løyvet gjeld for tidsrommet 01.06.2022 – 31.12. 2025.
- Skilt kan plasserast på høveleg plass med mellombels innfesting ved utløpet av Brufosselva og langs Isvegen der det er naudsynt.

Løyve frå grunneigar må også hentast inn.

### Saksopplysningar

Bakgrunnen for saka:

Det står ein utedo i krysset mellom Isvegen og Gardshamarvegen. Doen har sidan har vart sett opp blitt drifta ved støtte frå friluftsrådet Vest fram til 2020. Bondhus grunneigarlag har no prøvd å stå for drifta, men tanken på toalettet er full og det var uråd å tømme med eigen reiskap. Det er stort behov for å sikre kvaliteten på drikkevatnet i Bondhusdalen og med 50 000 besøkande i fjor ser ein behov for å ha ei toalettløysing på plass så raskt som mogleg.

---


|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |



Kvinnherad kommune arbeider no med ein strategi for besøk til Bondhusdalen og vil i det prosjektet lage ein plan for sanitæranlegg i dalen i samarbeid med nasjonalparkstyret. Til dette er på plass er det ønskeleg å få ei mellombels toalettløysing med om lag same plassering som dagens toalett. Det vert også jobba med å lage ein heilskapleg løysing for skilting og informasjon for heile Bondhusdalen.



**Kjemisk toalett på hjul som er vurdert sett opp av Kvinnherad kommune.**



**Kartet viser plassering av eksisterende toalett med blå ring og område der ein tenkjer å setje opp ein mellombels toalettløysing med oransje ring.**  
**Lovheimel**

Det er i verneforskrifta for Bondhusdalen landskapsvernområde forbod mot å setje opp mellombelse innretingar. Alle bygg i området skal vere tilpassa landskapet og vise tradisjonell byggeskikk.

Det er ikkje opna i forskrifta for å gje løyve til bygningar, permanente eller mellombelse, som primært er til turgåarar. Tiltaket må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova.

Frå forvaltningsplanen:

*«Det er sett opp toalett ved vegskiljet ved Sandarvollen inne i landskapsvernområdet. Dette treng tilsyn og reinhald. Motorferdsel i samband med dette må reknast som del av oppdrag bestemt av forvaltinga, og vil såleis vere greitt.*

**Retningslinjer:**

- Nødvendig motorferdsel i samband med tilsyn og reinhald av toalett i Bondhusdalen er uproblematisk, og det skal ein få som fleirårig løyve med vilkår om køyrebok.
- Skal ein setje opp skilt eller annan utandørs informasjon skal ein avklåra det med forvaltingsstyresmakta og grunneigaren.



- *Skilt som ikkje har med merking av stigar og løyper eller sikring av ferdsla å gjere, skal setjast opp utanfor vernegrensa, ved mykje nytta innfallsportar eller i tilknytning til eksisterande bygg eller anlegg.*

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdere om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Saka må vurderast etter § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I dette tilfellet vil ikkje motorferdsla ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane.

## **Vurdering**

Det er stort besøk til Bondhusdalen (54 000 innpasseringar i sesongen 2021), og forvaltar ser behovet for å ha ein tilstrekkeleg god toalettløysing. Bondhusvatnet og -elva er drikkevasskjelde og ureining av vatnet kan få store skadeverknader for fastbuande, næringsverksemdar og besøkande til Sundal og Bondhus. Føresetnadene for å gje løyve er at tiltaket ikkje påverkar verneføremålet nemneverdig eller tryggleikssyn gjer det naudsynt.

Det står i dag eit toalett som vart bygd i 2008/2009. Toalettet har fått dagleg tilsyn av grunneigarar lønna av Friluftsrådet Vest. I følgje grunneigarane er det no vanskeleg å få tømt innhaldet i dette toalettet og vanskeleg å drive tilstrekkeleg reinhald. I arbeidet med besøksstrategi for Bondhusdalen er det viktig at vi finn gode løysingar for toalett innanfor vernegrensene. Det er ikkje ønskeleg å halde fram med mellombelse løysingar. Nasjonalparkstyret må handsame søknad om toalett som ei byggesak etter verneforskriftene. Like viktig er det å ha gode avtaler for drift av toalett innafor vernegrensene.

Det har vore ein kraftig auke i besøkande til Bondhusdalen sidan sårbarheita vart vurdert i 2018. Forvaltar planlegg saman med kommunen å gjere nye kartleggingar av sårbarheit i Bondhusdalen for å sjå om talet på besøkande framleis ikkje går ut over verneverdiane i landskapsvernområdet og nasjonalparken. Dette vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet vidare med tilrettelegging og kanalisering av ferdsel.

Forvaltar meiner det ikkje er ein optimal løysing å satse på mellombelse toalett, då dei vil bryte med inntrykket av å vandre i urørt natur. For å gje dei besøkande gode opplevingar og ta omsyn til vassdraget som drikkevasskjelde er det likevel viktigare å få på plass ei rask løysing på toalett. Sidan løysinga er mellombels og ikkje vil etterlate seg spor i terrenget, meiner forvaltar at verknaden på verneføremålet vil bli minimal og at omsyna til tryggleik er



viktigare å ta vare på til ei permanent løysing er på plass. Det er også naudsynt å skilte godt slik at besøkande tek tilstrekkeleg omsyn til reglane for drikkevasskjelder.



Arkivsaksnr: 2022/7067-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 16.05.2022

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 19/22     | 25.05.2022 |

## Framlegg - Innsamling av vatn og sediment til vitenskapelige undersøkingar i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev UiT løyve til å ta ut sedimentprøver til vitenskaplege undersøkingar i Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med heimel i forskrift om vern av Buer landskapsvernområde, forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Det er løyve til å hente ut inn til 1 kg sedimentprøver og vassprøver.
- Løyvet gjeld i perioden 1. juli – 30. juli 2022
- Resultat frå undersøkingane skal gjerast offentleg tilgjengeleg og sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre ved forvaltar.

### Søknad


Jemma Wadham, professor I glasiologi ved universitetet i Tromsø vil gjere undersøkingar av Jostedalsbreen og Folgefonna i år.

Dei ønsker å ta prøver av smeltevatn og nylig avsatte elvededimenter. De ønsker å hente prøver fra Buerbreen, Buerelva og fjorden ved Odda. Føremålet med studien er å evaluere effektar av at breen trekk seg tilbake på metall og næringsstoff i økosystem nedstrøms breen. Dette er et nyoppstarta forskningsprosjekt.

Prøvene som tas er veldig små, frå 100 til 1000 gram sediment og 1,5 liter vassprøve på alle lokalitetar Uttak i så lite omfang vil ikke påvirke økosystema.

---

|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |



## Vurdering

Området der prøvane skal takast ut ligg innafor grensa til Buer landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark og må vurderast etter verneforskrift og naturmangfaldlova.

I nasjonalparken er området er verna mot alle inngrep. I landskapsvernområdet skal området vernast mot alle inngrep som kan endre eller verke inn på landskapets art og karakter i vesentleg grad. Difor er det forbod mot inngrep som boring, sprenging, bryting av stein, mineral eller fossilar, fjerning av større stein og blokkar.

Det er ikkje opna for å gje løyve til uttak av sediment til vitskaplege undersøkingar i verneforskriftene og difor må tiltaket vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen som finst i naturmangfaldlova § 48.

§ 48 seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. I forvaltingsplanen for Folgefonna skriv ein dette om forskning og undervisning:

*« Verneområde kan vere nyttige referanseområde for forskning rundt endringar i naturtilstanden. Forsking som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål og som kan gje auka kunnskap om verneområdet, vert vurdert som positivt. Men aktiviteten må ikkje føre til tekniske inngrep som set varige spor i terrenget. Det vil ikkje verte gjeve løyve til kartlegging av potensiale for økonomisk utnytting av naturressursar i området.*



*Undervising som formidlar kunnskap om natur- og kulturmiljøet og som gjev auka forståing for naturvern er velkomen i verneområdet. Men heller ikkje slik verksemd må føre til skade på naturmiljøet eller vere til ulempe for andre.»*

## Vurdering

Det er søkt om å ta ut sedimentprøver frå fleire uspesifiserte lokalitetar i Buer og Folgefonna nasjonalpark. Forvaltingsplanen seier at forskning som kan vere nyttig for å dokumentere naturtilstand og trugsmål vert vurdert som positivt.

Det er ikkje spesifisert nærare kva lokalitetar ein ønskjer å hente ut sediment frå. Omfanget av kvar enkelt prøve er svært lite og eit slikt tiltak vil ikkje ha nokon effekt på verneverdiar eller naturmangfald.

Forskrift og forvaltingsplan legg opp til at alle vitskapelege undersøkingar i verneområda må ha som mål å auke kunnskapen om verneområda og at eit viktig kriterium er å sikre at ny kunnskap vert tilgjengeleg for ålmenta. Difor ønskjer nasjonalparkstyret at alle som får løyve til å gjennomføre forskning i verneområda gjer forskingsresultata tilgjengeleg for alle. Ein viktig del av verneføremålet er å kunne formidle kunnskap om verneområda og korleis dei har blitt til lokalbefolkning og alle som vitjar områda.

Forvaltar meiner tiltaket er av lite omfang og vil ha lite påverknad på naturverdiane. Forvaltar tilrår at søkjar får løyve til å gjennomføre tiltaket som omsøkt.



Arkivsaksnr: 2022/7050-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 13.05.2022

| Utval                        | Utvalssak | Møtedato   |
|------------------------------|-----------|------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 20/22     | 25.05.2022 |

## Framlegg - Droneflyging i Folgefonna nasjonalpark i samband med naturdokumentar - Wild Scandinavia - BBC - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Framlegg frå forvaltar

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 gjev Folgefonna nasjonalparkstyre løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld perioden 11. – 17. juni 2022.
- Løyvet gjeld for inn til to timars flyging til saman på dei tre lokalitetane Juklavassbreen, Buerdalen og Møsevatnet (sjå kart).
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernereglane
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilag dagar.
- Ved publisering av filmmateriale må det komme klart fram at søkjar har fått løyve til å filme frå Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Ved bruk av film-materiale må det kome klart fram kva som er nasjonalparken sine verneverdiar
- Løyvet gjeld kun for bruk av film-materiale i samband med Tv-programmet «Wild Scandinavia». For bruk av film-materiale ut over dette må det sendast separat søknad til nasjonalparkstyret.
- Om rovfugl eller ramn vert observert ved fyking skal ein straks sette drona på bakken
- Rapport over utført fyking skal sendast til [folgefonna@statsforvalteren.no](mailto:folgefonna@statsforvalteren.no) med referanse 2022/7050

### Saksopplysningar

BBC productions søker om løyve til å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark. Føremålet med flyginga er å filme til ein TV-produksjon kalt Wild Scandinavia.

---


|                     |  |
|---------------------|--|
| Nasjonalpark        | Folgefonna Nasjonalpark                              |
| Landskapsvernområde | Hattebergsdalen<br>Ænesdalen<br>Bondhusdalen<br>Buer |
| Naturreservat       | Langebudalen   |




Dei vil filme 1 – 2 dagar i regionen rundt Folgefonna i perioden 11. -17. juni. Estimert total flytid er opp til to timar, med ein liten drone på fleire lokalitetar. Kart over områda dei ønskjer å fly er vist under.

Føremålet med å filme med drone er å skaffe materiale til ein ny naturdokumentar med tre episodar kalt «Wild Scandinavia». Eit av hovudbodskapane i serien er vern av landskap og vilt og korleis eit varmare klima påverkar naturen. Dei ønskjer å filme i Folgefonna nasjonalpark for å vise dei spektakulære landskapa i dei norske fjordane og korleis desse vart forma av isbreane til ein episode om kysten.


Dronepilotane har alle naudsynte sertifikat for å fly med drone i Noreg. Filmcrewet vil nytte breguidar på alle etappar det er naudsynt.



Juklavassbreen



Buerdalen og Buerbreen



Møsevatnet

## Vurdering

### Lovheimel:

Saka gjeld bruk av drone i Folgefonna nasjonalpark. Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, § 48 i naturmangfaldlova og forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark. Saka skal også vurderast i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 7.2. står det:

*Bruk av motor på modellfly, modellbåt, isbor o.l. er forbode.*

Under denne bestemminga fell også bruk av dronar. Det er ikkje opning for å søkje om dette gjennom verneforskrifta og difor må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova som seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

### **Vurdering av saken**

Bruk av drone er forbode i Folgefonna nasjonalpark, men det er høve å søke Folgefonna nasjonalparkstyret om dispensasjon gjennom den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. I så fall gjeld strenge reglar for å få dispensasjon. Produksjon av naturfilm og naturinformasjon har tidlegare fått løyve til bruk av helikopter til filming. I slike tilfelle kan bruk av drone ha mindre påverknad enn alternativet med helikopter og det vert vurdert. Lovar og regler legg ikkje opp til filming med drone til privat bruk, dokumentering av aktivitet, marknadsføring av einskildaktivitetar og bedrifter mm.

Delar av verneområdet har særleg sårbar natur, mens andre deler er særleg viktige friluftsområde. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. Over 80 % oppgjer fred og stillheit i naturen som motivasjon for å gå på tur. Dette må vi rekne med er særleg gjeldande når folk ferdast i ein nasjonalpark, der urørt natur er hovudføremålet med vern. Dronar fører med seg vesentleg støy og kan difor berre tillatast til strengt naudsynte føremål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. . Både nasjonale retningslinjer og forvaltningsplanen legg vekt på at støy i urørt natur skal avgrensast i størst mogleg grad.

Folgefonna nasjonalparkstyret vedtok i 2018 ST 22/18 ein strategi for handsaming av dronesaker.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av drone i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av droneflyging på denne tida av året (databasane er sist sjekka 01.04.2022). Det er kjent at rovfugl og kråkefuglar som kan finnast i området kan reagere negativt på droner, særleg når dei dannar territorier rundt hekketida. For å unngå skade på fugl og forstyring skal drona setjast på bakken med ein gong ein ser fugl i nærleiken.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette kva type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. For å filme frå lufta i nasjonalparken er det berre drone eller filming frå helikopter som er aktuelt. Droner er mykje meir skånsamme for verneverdiane å bruke enn helikopter, då dei er mindre, bråkar mindre og krev mindre flytid. Det er veldig populært å ha droner for tida og faren med å gje eit løyve er at folk som ser ein drone som fyker i området har lite moglegheit for å vite om ein treng løyve for å fly lovleg. Det vert oppfordra til å informere så godt som råd er når ein er på ein lokalitet og filmer, slik at publikum skjønner at det ikkje er fritt fram å filme med dronar i verneområdet. Det vert også sett krav om å merke publisert materiale med at det er filma etter løyve frå nasjonalparkstyret, då det er elles er vanskeleg for publikum å vite dette.



I dette tilfellet meiner ikkje forvaltar at bruk av drone ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiane. Det er likevel viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å kjøre på sundagar og heilagdaggar for å unngå konflikt med anna friluftsliv og unødig forstyrning av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastninga i området og vurderer den førebels som avgrensa. Om mengda droneyfying aukar betrakteleg, må ein vurdere samla belastning på nytt. Det har dei siste åra vore fleire tilfelle av ulovleg fying i verneområdet og det viktigaste er å informere om regelverket.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurderte men ikkje funne relevante i denne saka.

**ST 21/22 Referatsaker**

**RS 1/22 Takker nei - Invitasjon - Hattebergdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalpark**

**RS 2/22 SNO-ressurs 2022 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2022**

**RS 3/22 Vurdering av ny søknad - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergdalen**

**RS 4/22 Søknad - Folgefonna nasjonalpark - Bondhusdalen - motorferdsel - bil - bryllupsbilder - Erlend Gjestemoen**

**RS 5/22 Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd til statsforvalteren og verneområdestyrene**

**RS 6/22 Folgefonna National Park - Invitation interreg Europe - Smart Participatory Digitization of Natural Heritage for Environmental Preservation and Pollution Reduction in Rural Areas**

**ST 22/22 Delegerte saker**

**DS 11/22 DElegert vedtak - Helikoptertransport - transport av proviant og vidlikeholdsmateriell til Lono - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre**

**DS 12/22 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad - motorferdsel - snøskuter - Verafjell - Vetlenuten - Revavatnet - hytto - Holmavatnet - 3 turar**

**DS 13/22 Partsbrev - Løyve til tiltak - Søknad om midler til tiltak - Vedlikehold av grusveg Bondhus - Bondhusvatnet - Folgefonna nasjonalparkstyre**

**DS 14/22 Delegert vedtak - helikopterløyve - proviantere - Saubrehytta - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 15/22 Søknad om løyve til å fly med drone i Folgefonna nasjonalpark - tilsyn med sau - Folgefonna nasjonalparkstyre**